

Vossingar tek over Dyranut Fjellstova

Dei nye vertane ved Dyranut Fjellstova på Hardangervidda veit ikkje heilt kva dei går til, men dei veit det vert kjekt.

HARDANGERVIDDA

– Me måtte berre gripa denne sjansen, fortel ny vert ved Dyranut, Adrian Hus, til Hordaland. Saman med Emily og borna deiira Hedvig (3) og Helleik (1/2), og foreldra Torstein Hus og Ragnhild Telle, tok dei over fjellstova 4. desember i år, og alle gler seg til det nye livet. Familiane bur på Voss.

Mykje nytt

Då vertane ved Dyranut Fjellstova gjennom 21 år, Kari Varberg og Asle Øydvin, gjorde det kjent at dei vil gje seg, var mange spente på kven som tok utfordringa, og tek over den tradisjonsrike fjellstova som ligg rett ved vasskiljet på Hardangervidda, langs riksveg 7.

Mellom dei som melde interesse for den spesielle jobben, ja livsstilen vil fleire kalla det, var Adrian og familiane. Dei fekk også tilslaget, og vert dei du møter om du tek turen innom fjellstova frå og med komande sesong.

Drøymt om det lenge

Adrian, Emily, Torstein og Ragnhild fortel i eit nyhende-brev frå Destinasjon Eidfjord at dei gler seg til å opna dørene 15. mars 2018.

– Emily og eg har drøymt om dette lenge, fortel Adrian, som er den i gjengen som tok initiativet.

– Då eg såg at hytta var for sal, drøfta me saka, og kom til at me måtte berre prøva. Foreldra mine er også med, så me er fleire som kan dela arbeidet, som det sikkert vert plenty av. Det vart nok litt impulsivt, og me veit jo ikkje kva me går til. Det er nok kanskje best, men eg veit heilt sikkert at dette vert knall, det vert eit nytt liv som me gler oss veldig til, fortel Adrian.

Borna vert med

Emily og Adrian har borna Hedvig (3 år) og Helleik (1/2år). Dei kjem til å verta godt kjende med Dyranut nærmaste åra.

– Ja, me tek dei med oss dei fyrste åra, så får me sjå korleis me organiserer oss når dei kjem i skulealder, fortel den nye hytteverten.

Hundar, han og høner

Emily har røynsle frå butikkdrift, medan Adrian har erfaring frå arbeid i høgda og



PÅ TAKET AV VIDDA: Dyranut ligg ved vasskiljet på Hardangervidda. Adrian og Emily Hus og resten av familien skal driva den raude fjellstova til høgre. FOTO: ASLE ØYDVIN

FRISK START: Dei er klare for ein ny livsstil, som vertar ved Dyranut Fjellstova: Torstein Hus, Ragnhild Telle, Emily og Adrian Hus. Dei tok over 4. desember, og opnar stova 15. mars 2018. FOTO: PRIVAT

Då eg såg at hytta var for sal, drøfta me saka, og kom til at me måtte berre prøva.

Adrian Hus

sementvare-butikk. Dei har vore mykje på Hardangervidda, og fjellturar.

Ragnhild på si side har erfaring frå reiselivsbransjen og hotelldrift. Torstein driv målingsfirma.

Det vil verta livleg kring novene ved fjellstova når dei nye vertane flyttar inn.

– Me med oss ein hest, to hundar, ein hane og ein flokk med høner, skriv dei i nyhende-brevet.

Base på Voss

Alle bur på Voss, men det skal ikkje stoppa dei frå å driva fjellstova på Dyranut, får me opplyst.

– Dette vert vår andre heim og me ser stort fram til dette! No om dagane jobbar me på spreng for å få ein knallbra 2018-sesong. Det er mat som skal foredlast, ny internettside er under produksjon og vil bli publisert i løpet av nokre veker, me set oss inn i den tekniske

drifta av hytta og mykje planlegging elles, fortel familiane.

– Me kjem til å halda fram med å ha bustadadresse på Voss, men me vert nok på fjellet det meste av tida fjellstova er open.

Dei fyrste tingingane av overnatting har alt kome inn, og vintersesongen tek til 15. mars, og varer til 15. april. Deretter skal stova halda ope i helgane i mai, 1. juni til 16. september og dei to siste helgane i september.

– Me ynskjer veldig velkomen til gamle og nye gjester. Me skal gjera vårt beste for at de skal føla dykk heime i fjellstova vår, helse dei nye og glade eigarane av Dyranut Fjellstova.

– Dette vert det nye livet vårt, slår Adrian fast.

– Karl Ystanes
ky@avisa-hordaland.no